

Til grunneigarar i varsla planområde


---

<b>Dato</b>	25.05.2023
<b>Vår referanse</b>	2023/35761-5
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Jens Bremer Remø
<b>E-post</b>	Jens.Bremer.Remo@vlfk.no
<b>Telefon</b>	91635473

## Varsel om oppstart av planarbeid - Detaljregulering fv. 5402 Ringheimsvegen

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8 vert det med dette varsla oppstart av detaljregulering for fv. 5402 Ringheimsvegen. Planen vert utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Det er so langt vurdert at det ikkje er trong for å utarbeide konsekvensutgreiing i planarbeidet. Vestland fylkeskommune skal i gang med å lage ein detaljreguleringsplan for fv. 5402 Ringheimsvegen. Vi ber med dette om innspel til arbeidet.

Formålet med planarbeidet er å byggje om lag 600 m fortau langs Ringheimsvegen. Frå krysset til Rognstunet til krysset med Hjellane. Målet med prosjektet er betre trafikktryggleik og å leggje betre til rette for mjuke trafikantar i Ringheimsvegen. Det er tidlegare utarbeida eit forprosjekt for strekninga (mai 2021), der konklusjonen var at fortauet bør ligga på nordsida av vegen. I tillegg til å etablere fortau vil ein få etablert ein gjennomgåande betre standard på Ringheimsvegen gjennom planområdet. Det skal og setjast av område utanom vegstrekninga til riggområder for prosjektet.



Avgrensing av planområdet.

Planavgrensinga vil verte redusert når planen vert lagt ut på offentleg høyring.

Det vert ope folkemøte i samband med oppstart av planarbeidet:

12.06.2023 klokka 18:00 på Tinghuset (Uttrågata 9).

Her vil Vestland fylkeskommune orientere om planarbeidet og framdrift, Det vil også vere moglegheit for å stille spørsmål knytt til planarbeidet.

**Vi ber om synspunkt, innspel eller andre relevante opplysingar innan 15 juli 2023.**

Merknader og synspunkt til oppstart av planarbeidet kan sendast på følgjande måte:

1: Innbyggjardialog:

Her kan de kome med innspel til planen på internett. Lenka til innbyggjardialogen er: [Kart til Fv 5402 Ringheimsvegen \(geodataonline.no\)](#)

2: E-post:

[Post@vlfk.no](mailto:Post@vlfk.no)

3: Vanleg post:

Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, Bergen.

Ved spørsmål, ta kontakt med planprosjektleder Jens Bremer Remø på tlf. 91 63 54 73 eller e-post:

[Jens.bremer.remo@vlfk.no](mailto:Jens.bremer.remo@vlfk.no).

Informasjon om planarbeidet er og lagt ut på heradet og fylkeskommunen sine nettsider. Her er og lenke til planinitiativ og referat frå oppstartsmøtet mellom Vestland fylkeskommune og Voss herad.

[Fv. 5402 Ringheimsvegen - Vestland fylkeskommune](#)

[www.voss.herad.no/tenester/samfunnsutvikling/kunngjeringar/](http://www.voss.herad.no/tenester/samfunnsutvikling/kunngjeringar/)

Med helsing

**Øyvind Horge Hauge**

leiar

INV - Planlegging

**Jens Bremer Remø**

seniorrådgjevar

INV - Utgreiing

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*